



Flytebryggje i elveosen (rett nedanfor sekundærstasjonen, på andre sida av elva) er ei litt vanskeleg sak for kommunen. (Foto: Ola Matti Mathisen)

Svein Kåre Sjo i Sæbøvik har søkt om å få leggja ut ei fem ganger to meter stor flytebryggje ved kai i elveosen i Uskedalen. Han gjer det på vegne av Janet Alice Sjo, Nedre Feet. Men saka er tydelegvis ikkje heilt enkel fordi tiltaket ligg i eit område i kommuneplanen som ikkje tillet bygge- og anleggstiltak.

Difor må saka vurderast opp mot dette, i første omgang på eit internt planmøte, har Sjo fått opplyst av saksbehandlar Torill Slåke. På dette møtet vil den vidare saksgang bli drøfta og avgjort.

Dessutan har Slåke opplyst at Sjo må rekna med ei ventetid på inntil åtte veker før saka vert vurdert og handsama fordi det for tida er stor saksmengd og pågang av nye saker. Saksbehandlaren ber også om at det vert sendt nabovarsel til Uskedalen Grunneigarlag.

Av Ola Matti Mathisen